

# Lokallagsutsending

Våren 2023




- Fylkes- og kommuneval • Hjelpetelefon
- Inspirasjonsseminar 2023 • Kurs
- Årets lokallag

# Bygdekvinnelaget si lokallagsutsending

- Vert sendt ut på e-post og i posten til alle lokal– og distriktslag
- Inneheld informasjon og nyhender om kva som skjer i organisasjonen
- Ligg også i [organisasjonsbiblioteket](#) på nettsidene våre

Har du spørsmål?

Ta kontakt med ditt distriktslag eller med administrasjonen i  
Norges Bygdekvinnelag,  
telefon 22 05 48 15 eller e-post [post@bygdekvinnelaget.no](mailto:post@bygdekvinnelaget.no)



**Tenk rekruttering og verving!**

Norges Bygdekvinnelag vil gjerne ha fleire medlemmar! Bestill vervebrosjyre fra administrasjonen



## Kjære Bygdekvinner!

Godt nytt år!

2022 har takket for seg, med mye vær. En kraftfull avslutning med regn, vind, snø, is og holke.

Dette må vi dra med oss inn i et nytt år på en positiv måte. Et nytt år hvor vi bretter opp ermene og tenker at vi skal få til mye – sammen. For sammen er vi kraftfulle Bygdekvinner.

Det er **valg til høsten**, og vi vil være med å påvirke den politikken vi ønsker for bygda. Vi skal jobbe for skolemåltid for alle barn og unge, og sikre god beredskap ved å hindre nedbygging av matjord.

I juni 2023 legger Nordisk Ministerråd frem de **nye kostholdsrådene** for de nordiske og baltiske landene. Nytt er at kostholdsrådene skal ses i et bærekraftig perspektiv. Så langt er det kun sett på miljømessig bærekraft og ikke de sosiale og økonomiske. Dette mener vi er bekymringsfullt.

Bygdekvinnes kunnskap om matkultur har gitt organisasjonen vår status som rådgivende organisasjon for UNESCO. Vi mener det er viktig at vi har et kosthold og en matproduksjon som er tilpasset lokale forhold. Norsk og lokal mat basert på norske ressurser er kortreist. Det bidrar til global solidaritet og beredskap gjennom økt selvforsyning. Norsk og lokal mat er som regel sunnere fordi maten er ferskere, og lokale råvarer gir mulighet for mindre prosessert mat. Altså nærhet til råvarene og det å kunne lage mat fra bunnen av. Bygdekvinnelaget mener at de nye kostholdsrådene må bygge på lokal matkunnskap og mattradisjoner for å være bærekraftige.

Vi har nylig undertegnet en avtale med Arkivverket. 100 års bygdekvinnehistorie blir nå tatt godt vare på og tilgjengeliggjort for alle i **Riksarkivet**.

I 2022 fikk vi **1000 nye medlemmer**. Det er veldig bra, og vi må fortsette den gode «driven». Mange lag har gode aktiviteter, og det gir medlemmer. Husk halv pris på medlemskap for de under 40 år. Ukene 5, 6 og 7 og *Bygdekvinneuka* i slutten av august er viktige arenaer for å verve nye medlemmer.

Nytt av året er at Norges Bygdekvinnelag lanserer telefontjenesten «**telefon for livsmestring**» som et medlemstilbud. Vi håper mange vil benytte seg av tilbudet!

Det er snart duket for **årsmøter** i distriktslagene. Møt opp på årsmøtet, og bidra til at ditt distrikt får et godt styre og gode aktiviteter. Lykke til med arbeidet i lokallaget. Dere er limet i organisasjonen.

Vennlig hilsen

**Jorun Henriksen**

Leder i Norges Bygdekvinnelag

## ARBEIDSPLAN FOR 2023 OG 2024



Norges Bygdekvinnelag sin arbeidsplan for 2023 og 2024 følgjer opp organisasjonen sin strategi og politiske plattform med konkrete forslag til tiltak. Dei skal bidra til at vi alle jobbar saman for å nå dei overordna måla i organisasjonen.

Vi håpar at arbeidsplanen kan vere til inspirasjon og nytte, og gje mange gode diskusjonar når de vel ut dei aktivitetane og tiltaka som passar for laget.

Forslag til tiltak:

- Å **samarbeide** med andre lag og foreiningar for å utveksle erfaringar, kompetanse og ha arrangement saman
- Å gjer Bygdekvinnelaget sitt engasjement kjent i kommunen gjennom kontakt med politikarar og administrasjon
- Å ha ein med ansvar for inkludering og **mangfald i lokallagsstyret**
- Å ta i bruk **organisasjonsskolen** i opplæring av tillitsvalde

[Norges Bygdekvinnelag sin arbeidsplan](#) finn du på bygdekvinnelaget.no i organisasjonsbiblioteket.

Vi har laga ei [digital utgåve](#) av arbeidsplanen for å gjere den enno lettare tilgjengeleg, og ikkje minst fin å bla i på PC, smarttelefon eller Ipad.

QR-koden under kan de nytte på plakatar eller i samband med informasjon de sender ut der ein ikkje har plass til så mykje tekst.



QR-kode

Norges Bygdekvinnelag sin arbeidsplan for 2023–2024, nynorsk.

\*Peik med mobilkameraet på QR-koden. Då kjem det opp ein tekst/adresse. Trykk på den, så opnar arbeidsplanen seg som digital utgåve.



QR-kode

Norges Bygdekvinnelag sin arbeidsplan for 2023–2024, bokmål.

## VERVEKENE I BYGDEKVINNELAGET

Veke 5, 6 og 7 er organisasjonen sine felles verveveker.

Under **vervevekene** og **Bygdekvinneuka** 20. til 30. august er det fint å komme seg ut i lokalsamfunnet for å gjere seg synleg og såleis ekstra lett å melde seg inn i lokallaget. Ein kan stå på stand, ha informasjonskveld, invitere til takkebakst eller invitere til «bli-kjent-kveld» på kafeen.

Nytt sjansen til å vise fram **UNG40** under vervevekene. UNG40 gjev dei under 40 år halv pris på sitt medlemskap, og er eit tiltak for å få fleire unge kvinner med i Bygdekvinnelaget.



Administrasjonen vil legge ut **verveplakatar** som kan nyttast i sosiale media. Plakatane vert lagt ut på bygdekvinnelaget.no i organisasjonsbiblioteket i god tid før vervevekene.

### Handlingsplan for verving og organisasjonsutvikling

Norges Bygdekvinnelag har ein eigen handlingsplan for verving og organisasjonsutvikling. Her kan du lese om kva ansvar og oppgåver lokallaga, distriktslaga og sentralleddet har.



[Handlingsplanen for verving og organisasjonsutvikling](#)

## FYLKES- OG KOMMUNEVAL 2023

Til kommune- og fylkestingsvalet i 2023 ønsker Norges Bygdekvinnelag å setje søkelys på berekraftig matkunnskap gjennom å:

1. Sikre god folkehelse ved innføring av eit gratis skulemåltid til alle barn og unge tufta på lokal matkultur.
2. Sikre god beredskap ved å hindre nedbygging av dyrkbar mark, og prioritere denne jorda til matproduksjon.

Administrasjonen vil før påske sende ut **materiell** med argument, tips og råd til korleis vi skal få mest mogleg merksemd og gjennomslag for sakene.

Eit gratis skulemåltid er ei viktig sak for Bygdekvinnelaget, og mange lag jobbar aktivt for å få eit gratis måltid på plass i sin kommune. **Eidsvoll Bygdekvinnelag** tok hausten 2022 initiativ til å prøve ut skulefrukost på Eidsvoll verk skule. Dei fekk 130 000 kroner i støtte av kommunen. 240 elevar blei servert graut kvar dag i fire veker. Lærarane og elevane var einige om at dei vil at eit gratis skulemåltid må bli varig. Elevane vart gladare og presterte betre på skulen.



På bildet bak frå venstre: Gunn Tomren, Lena Frantzen (rektor), Anne Hoffsbakken (kjøkensjef på Vilberg Helsetun). I midten: Hege Svendsen (ordførar) og Unni Tømte. Framme frå venstre: Sonja Johnsen Bjaanes og Lilje Sebrekke. Foto: Kari Frank.

## NORGES BYGDEKVINNELAG SIN POLITISKE PLATTFORM

I politisk plattform er det omtala kva vi som organisasjon meiner. Bruk den aktivt og ver synleg med våre verdiar og standpunkt. Utdrag frå Norges Bygdekvinnelag sin plattform:

### Mat og oppvekst

Barn og unge må få kunnskap om matproduksjon, bruk av lokale råvarer og matlaging. Faget «Mat og helse» i skulen må styrkast. Barnehagar og skolefritidsordningar må tilby sunne måltid.

Norges Bygdekvinnelag meiner også at:

1. Eit **gratis skulemåltid** for alle elevar må lovfestast. Det må tilførast ekstra ressursar til det.
2. Ved innføring av skulemat i Noreg bør maten så langt det er mogeleg vere produsert på **lokale ressursar og matkultur**

Kilde: Utdrag fra politisk plattform



Tips! Bruk gjerne QR-koden til politisk plattform på plakatar slik at folk kan lese meir om kva saker Bygdekvinnelaget jobbar for.



Politisk plattform, nynorsk



Politisk plattform, bokmål

## BYGDEKVINNELAGET SITT INSPIRASJONSSEMINAR 2023

Helga **10.– 12. november** inviterer vi til inspirasjonsseminar i **Stavanger**.

Bli med på ei helg med Bygdekvinnelaget, og kom heim full av inspirasjon, pågangsmot og eit nettverk av Bygdekvinne-vennar frå heile landet.

Seminaret vert på [Clarion Hotel Energy](#), som ligg ein 5 minutts busstur utanfor Stavanger sentrum.

Alle som er medlem i Norges Bygdekvinnelag er velkommen til seminaret. Det er ikkje eit krav at du skal sitje i eit styre, eller vere valt av eit styre til å delta. Du kan komme åleine eller saman med andre medlemmer.

Dette vil du ikkje gå glipp av! Vi legg ut smakebitar på programmet ut over våren, så følg med!

## SEND INN FORSLAG PÅ ÅRETS LOKALLAG

Norges Bygdekvinnelag kårar kvart år årets lokallag. Prisen viser fram eit lag som har gjort ein god jobb i året som har gått. Bygdekvinnelaget har utruleg mange dyktige lag som har hatt spennande aktivitetar og fått mange nye medlemmar. Kanskje veit du om eit lag som har fått til mange gode aktivitetar. Eller det kan vere ditt eige lokallag som fortentar ære for sin innsats i året som har gått. Vi har laga eit forslagskjema som ligg på bygdekvinnelaget.no under organisasjonsdokument.



Send forslag på **ÅRETS LOKALLAG** til ditt distriktslag. Frist 1. mai 2023.

Hobøl Bygdekvinnelag blei kåra til **Årets lokallag i 2021!** Her kan du lese artikkelen der Marit Hoff Lund fortel om laget: [Dette gjør vi for å være et livskraftig og spennende lokallag.](#)

## BYGDEKVINNELAGET SINE HJELPETELEFONAR

Nytt av året er at Norges Bygdekvinnelag no har to telefontenester. Dette er unike medlemstilbod som alle medlemmane våre kan nytte ein gong kvar i løpet av året. Begge telefonane er **lågterskel-tilbod** der du kan få råd og hjelpe til å rydde opp i tankar og utfordringar.

### Juridisk hjelpetelefon

Det eine medlemstilbodet til Bygdekvinnelaget er **juridisk hjelpetelefon**. Her kan ein få råd og rettleiing frå advokat Liv Grøtte. Tema for samtalen kan vere alt juridiske spørsmål i samband med skilsmisse til kva du bør gjere om du vert utsett for vald eller spørsmål kring bruk av framtidsfullmakt.



Ta kontakt med Liv på juridisk hjelpetelefon på telefon 995 15 118.

### Nytt medlemstilbod – Telefon for livsmestring

Vårt andre medlemstilbod er telefon for livsmestring. Her får du ein samtale med psykolog Tone Hansen. Det er viktig å merke seg at samtalen ikkje er definert som helsehjelp, og ein tilbyr ikkje behandling, men nokon å prate med når ein opplever ting som vanskeleg. Tema for samtalen kan vere utfordringar knytta til ulike livsfasar, sjukdom, einsemd eller det å føle seg utilstrekkelig. Les meir om vårt nye medlemstilbod – telefon for livsmestring her!



### Oppstart for telefonen for livsmestring er 1. februar 2023

Du kan ringe til Tone på onsdagar mellom kl. 18.00 til 20.00 for å avtale tidspunkt for din samtale.

Ta kontakt med Tone på telefonen for livsmestring på telefon 475 15 940.

## BRUK MEDLEMSREGISTERET

Som tillitsvald i lokallaget har du tilgang til ditt lokallag i medlemsregisteret. Du kan følge med på kven som har meldt seg inn, ut og kven som har betalt kontingent.

Gjer det til ei vane å sjekke medlemslistene med jamne mellomrom.

- Medlemsregisteret er tilgjengeleg frå «Min side» på [www.bygdekvinnelaget.no](http://www.bygdekvinnelaget.no)  
PS! Sidan medlemslista inneheld mykje informasjon kan det lønne seg å eksportere lista til exel og slette dei kolonnene du ikkje treng.
- Medlemslister med fødselsdato må aldri sendast ut på e-post. Dei skal heller ikkje delast med andre utafor organisasjonen.
- Tillitsvalde kan sjølv **oppdatere verv** i lokallaget – sjå fana «verv» på «Min side»  
Dette er viktig for at alle lokallaga skal få informasjon og utsendingar frå alle ledd i Norges Bygdekvinnelag.
- «**Min side**» er tilgjengeleg for alle medlemmer. Men det føreset at vi har rett e-postadresse registrert. Kvart enkelt medlem må passe på at egne personopplysningar stemmer.
- Det ligg ein rettleiar for bruk av medlemsregisteret på [www.bygdekvinnelaget.no/organisasjonsbibliotek](http://www.bygdekvinnelaget.no/organisasjonsbibliotek)

Administrasjonen vil invitere til **4 digitale kurs i bruk av medlemsregisteret i løpet av 2023**. Invitasjon vert sendt ut på e-post.



Ved spørsmål ta kontakt med Marie Aaslie på telefon 22 05 48 15 eller e-post [marie.aaslie@bygdekvinnelaget.no](mailto:marie.aaslie@bygdekvinnelaget.no)

## MEDLEMSKONTINGENT FOR 2023

Medlemskontingenten vil bli sendt ut i slutten av januar 2023, med frist for innbetaling 15.februar.

Medlemskontingenten for ordinært medlemskap er 740 kroner, for alle under 40 år er den 370 kroner. Vi oppmodar alle til å betale medlemskontingenten ved å gå inn på «Min side» og mine fakturaer på bygdekvinnelaget.no.


Kontingentkravet blir også sendt ut på SMS og e-post. Om medlemskontingenten ikkje vert betalt via Min side, SMS eller faktura på e-post, blir faktura sendt i posten.

Har du spørsmål om medlemsregisteret eller problem med å logge inn på «Min side» kan du ta kontakt med Marie Aaslie på telefon 22 05 48 20 eller på e-post: [marie.aaslie@bygdekvinnelaget.no](mailto:marie.aaslie@bygdekvinnelaget.no)

## BLI SYNLEG MED EIGA NETTSIDE

I Bygdekvinnelaget skal vi vere synlege med våre aktivitetar og meningar. Vår erfaring er at langsiktig innsats med publisering av artiklar og invitasjonar til arrangement på bygdekvinnelaget.no gjev mange besøkande. Døme på dette er nettsida til Sirdal Bygdekvinnelag. Sida til Sirdal Bygdekvinnelag har det siste året hatt 1.279 sidevisningar. Også distriktslagene har mange besøkande. Framsida til Hedmark Bygdekvinnelag har det siste året hatt 1.066 sidevisningar, Buskerud Bygdekvinnelag. Har hatt 1.047 besøkande og Vestfold Bygdekvinnelag 966.

/sirdal-bygdekvinnelag/nyheter/persesyltekveld-0



OM OSS   BLI MEDLEM   NYHETER   ARRANGEMENT   LOKALLAG   KONTAKT OSS

Framsida  
Årsplan  
Informasjon frå RBK og NBK  
Referat  
Årsmøte  
Lesesirkel

Sirdal Bygdekvinnelag sine nettsaker gjer laget synleg. Mange er innoom nettsidene deira for å lese artiklar og følgje med på aktivitetar i laget.

**Persesyltekveld**

Tradisjonar blir haldne ved like, og det er kjekt å gjera det saman!



Om du lyst til å ta i bruk nettsida kan du ta kontakt med administrasjonen, så hjelper vi til med brukarnamn og passord. For nye brukara eller brukara som tenkjer «korleis gjer eg dette», har vi laget manualar og videoar for korleis bruke den nye nettsida. [Her finn du brukarmanual og brukarvideo.](#)

Om laget ditt vil ha eiga nettside kostar det kroner 1000, – per år.

### Nytt passord

Er du ein av dei som ikkje har logga deg inn på den nye versjonen av nettsida etter overgangen i juni 2022, må du vere merksam på at du må lage nytt passord neste gang du loggar deg inn. Vel knappen for «gløymt passord» når du loggar deg inn, og du vil få tilsendt ei lenkje der du kan lage deg eit nytt passord. Det har diverre vist seg at ikkje alle får tilsendt denne e-posten eller at e-posten hamnar i søppelposten. Om du ikkje får tilsendt «lag nytt passord»-lenkja, ta kontakt, så får du hjelp.

### Inviterer til digitalt Zoom-møte

Til våren skal vi invitere alle våre nettbrukarar til felles digitale møte via Zoom. Der skal vi formidle tips til korleis lage gode artiklar og korleis lage gode innlegg på sosiale media, då særleg for Instagram og Facebook. Informasjon om desse møta blir sendt ut via e-post, så følg med.

### Nettkurs i distriktslag

Det siste halve året har vi halde kurs for Vestfold, Telemark og Hordaland Bygdekvinnelag. Vi har også hatt presentasjon av nettsida hjå bygdekvinnelaga i Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder. Til våren følger vi opp med nye nettkurs hjå Østfold og Aust-Agder Bygdekvinnelag. Vi reiser også til Sogn og Fjordane Bygdekvinnelag på organisasjonskurs i slutten av januar for å presentere nettsida.

Vi oppmodar lokallaga til å delta når vi held nettkurs i distriktslaga.




Vil ditt distrikts- og lokallag ha støtte til bruk av nettside. Ta kontakt med nettsiderettleiar Kai Kjartan Høberg på e-post:

[kai.kjartan@bygdekvinnelaget.no](mailto:kai.kjartan@bygdekvinnelaget.no) eller på telefon: 973 03 395. Eller

kommunikasjonsrådgjevar og redaktør Helle Berger på e-post:

[helle.berger@bygdekvinnelaget.no](mailto:helle.berger@bygdekvinnelaget.no) og telefon: 901 25 845

## NORSKTRADISJONSMAT.NO



Nettsida [norsktradisjonsmat.no](https://norsktradisjonsmat.no) er Norges Bygdekvinnelags digitale formidling av tradisjonell matkunnskap og matkultur. På nettsida finn du oppskrifter, artiklar og videoar som formidler matkunnskapen til eit bredt publikum.

Vi tar gjerne imot fleire oppskrifter! Bruk [skjema for innsending](#) av oppskrifter som finst på nettsida, eller send e-post til [post@bygdekvinnelaget.no](mailto:post@bygdekvinnelaget.no)

Bygdekvinnelagene kan annonsere aktivitetar og kurs i kurskalendaren på [norsktradisjonsmat.no/kurskalender](https://norsktradisjonsmat.no/kurskalender). Lokallag med eiga nettside kan publisere sjølv i kalendaren.



I [tradisjonsmatskulen si rettleiingsbok](#) finn du mange gode råd til deg som vil ha kurs og aktivitetar for barn og unge!



Tysnes Bygdekvinnelag har matkurs for barn og unge. Foto: Ole Skaten/Tysnesbladet.

## SØK OM STØTTE TIL KURS HJÅ STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

Norges Bygdekvinnelag er medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon. Som medlem kan lokallaga søke om støtte til kurs og opplæring gjennom studieforbundet sin kursportal.

I kursportalen ligg det mange ulike **studieplanar** som passar for lokallaga. Dei kan også lage nye studieplanar ut ifrå lokallaga sine behov.

Lokallaga i Norges Bygdekvinnelag har et stort potensial for å auke kurs- og studieverksemnda si. Auka kursverksemd vil styrke organisasjonen sin status som aktiv formidlar av immateriell kulturarv, og så vil fleire kurs gje gode inntekter til lokallaget.

Å søke om støtte til kurs er enkelt:

- Minimum 4 timar
- Minimum 4 deltakarar over 14 år
- Kursplan

[Les meir på kulturogtradisjon.no!](http://kulturogtradisjon.no)



Ta gjerne kontakt med Studieforbundet kultur og tradisjon for informasjon, råd og rettleiing i å planlegge og halde kurs:

Telefon 61 21 77 50

E-post [post@kulturogtradisjon.no](mailto:post@kulturogtradisjon.no)

## NORGES BYGDEKVINNELAGET SI HISTORIE TIL RIKSARKIVET

I Arkivverkets handlingsplan for bevaring av privatarkiv i Norge er Norges Bygdekvinnelag utpeika som prioritert aktør som myndigheitene meiner det er viktig å ta vare på for framtida, særleg fordi kvinneorganisasjonar er underrepresentert i alle landets arkiv. I 2022 har Bygdekvinnelaget difor arbeidd for å sikre [Norges Bygdekvinnelag si historie for framtida](#).

Er du og ditt lokallag nysgjerrig på kva dokument som er lagra hjå Riksarkivet kan du søke det opp på nettsida [arkivportalen.no](http://arkivportalen.no).

For å få tilgang til innhaldet i dokumenta må ein møte opp fysisk hjå [Riksarkivet](#) på Sognsvann i Oslo.

### Korleis lokallaget kan ta vare på og lagre sine dokument

Lokale Bygdekvinnelag har gjort mykje spennande og viktig arbeid opp gjennom åra, som er ein viktig del av historia. Nokre lokallag har eigne avtalar med kommunen eller museum som tek vare på dokument av felles interesse.

Om ditt lag ikkje har avtale med kommune eller museum er det i kvart fylke ein institusjon som koordinerer det regionale bevaringsarbeidet. Arkivverket anbefaler lokal- og distriktslag å ta kontakt med den koordinerande institusjonen i sin region for oppbevaring og spørsmål om arkiv med lokal tyding. [Søk her for å finne ut kven du skal kontakte i din region!](#)



Hugs at ein også kan lagre protokollar, årsmeldingar på lokallaget si nettside på [bygdekvinnelaget.no](http://bygdekvinnelaget.no).

[Les meir i nettsaka Norges Bygdekvinnelag til Riksarkivet her!](#)



Marie Aaslie og Cesilie Aurbakken frå Norges Bygdekvinnelag er godt nøgde med at bygdekvinnene si historie vert tatt vare på hjå Riksarkivet.

Foto: Frode Reime

### SØK PENGESTØTTE!

Lokallag på Østlandet: Søk støtte til aktivitetar og prosjekter fra [Sparebankstiftelsen DNB](#)

For lokallag i resten av landet:

Søk støtte til aktivitetar, prosjekt og utstyr frå din lokale/regionale sparebankstiftelse. Finn oversikt over stiftingar hjå [Sparebankforeningen](#)

Mange kommunar deler ut *kulturmidlar* og *frivilligmidlar* til lag og organisasjonar. Sjekk kva ein kan søke om i din kommune.

### SØK OM MOMSKOMPENSASJON

Momskompensasjonen er viktig for både Norges Bygdekvinnelag sine lokallag, fylkeslag og sentralt, og vi oppmodar alle til a sende inn søknad.

Administrasjonen legger ut informasjon på nettsidene og e-post om dette i byrjinga av mai 2021. Endeleg frist for søknad om momskompensasjon for 2022 er 15. juni 2023.

## GJE STØTTE TIL KVINNENE I GUATEMALA

Likestilling og styrking av kvinner sine rettar er viktig for å unngå matkriser og fattigdom. Det viser seg at når kvinner får tilgang og kontroll over ressursar på lik linje med menn har det ein positiv effekt på den økonomiske veksten i utviklingsland.

Kvinner har avgrensa tilgang til skule og utdanning. Sjølv om kvinner jobbar i landbruket, har dei ofte ikkje rett til å eige land. Norges Bygdekvinnelag støttar difor Utviklingsfondet sitt arbeid med å styrke grasrot-organisasjonar som AMMID i deira arbeid for likestilling, styrking av kvinnegrupper og kvinnekooperativ.

Vi håpar mange vil vere med å støtte kvinnene i Guatemala. Kva med å gje noko av det økonomiske overskotet fra utlodding, kakesal eller andre aktivitetar i laget til arbeidet i Guatemala.

Bygdekvinnelaget har ein eigen bankkonto der vi samlar inn midlar for å støtte kvinneprosjektet i Guatemala. Sett gjerne inn pengar. Kontonummeret er: 9365 18 67841.



Les meir om samarbeidet mellom Norges Bygdekvinnelag og Utviklingsfondet i Guatemala på [bygdekvinnelaget.no](https://bygdekvinnelaget.no).

### Digitalt møte med bandvev på agendaen

Mange av kvinnene i Guatemala har veving som eit av fleire levebrød. Her er bilde frå eit møte mellom Bygdekvinner og kvinner i Guatemala som gjennom Zoom synte kvarandre bandvev.




Eli Vesaas fra Vinje i Telemark var vert og læremeister i Noreg. Rundt 40 bygdekvinner følgde direktesendinga frå si eiga stove 3. november i 2022. Foto: Cesilie Aurbakken.

Zully Morales fra organisasjonen AMMID (på bildet under) i Guatemala forklarte tydinga av Mayan Mam-klærne. Mens Carmelina López fortalde om dei ulike fasane for veving av tradisjonelle band. Taracely Marroquín avslutta samlinga med gode takkeord til alle som deltok på samlinga.



Når vi ikkje kan møtast fysisk er Zoom ein god måte å utveksle kultur og kunnskap på.



Til venstre på skjermen: Generalsekretær i Norges Bygdekvinnelag Cesilie Aurbakken og Audun Hysby fra Utviklingsfondet. Audun tok oppgåva med omsetjing. Til høgre på skjermen: Zully Morales fra organisasjonen AMMID. Foto: Sosan Asgari Mollestad.

### Medlemsreise til Guatemala

I februar 2023 reiser ti entusiastiske bygdekvinner til Guatemala for å bli kjent og lære meir om Mayakvinnene sin kvardag. **Følg reisa på Facebook og Instagram mellom 15. – 24. februar**, og få ein smakebit på møtet mellom bygdekvinner i Guatemala og bygdekvinner frå Noreg.




## OPPSLAGSTAVLA



Norges Bygdekvinnelag har [superfine forkle til 380 kroner stykk](#) som du og ditt lokallag kan bestille via [post@bygdekvinnelaget.no](mailto:post@bygdekvinnelaget.no)



Bygdekvinnelaget vil tilby ulike digitale kurs på Zoom i løpet av året. Følg med!



Norges Bygdekvinnelag er medlem av organisasjonen Associated Country Women of the world (ACWW). Bygdekvinnelaget betalar årleg medlemskap i ACWW, og med medlemskapet støttar vi deira arbeid for å sikre bygdekvinner i verda betre rammevilkår.

Tidlegare oppfordra vi våre medlemmer til å støtte ACWW sitt arbeid gjennom vennemynten. Det gjer vi ikkje lenger sidan vi no ønskjer å prioritere å samle inn pengar til Bygdekvinnelaget sitt utviklingsprosjekt i Guatemala.



Alt du trenger å vite om bruk av logo, farger og presentasjonsmateriell har vi samla i seksjonen «Logoar og visuell profil» på bygdekvinnelaget.no. Her kan du også finne lokallaget sin logo.



Sjekk ut nettsida til samarbeidsprosjektet Safeguarding of Intangible Cultural Heritage through Learning. Norges Bygdekvinnelag har laga sida saman med tre organisasjonar frå Finland og Latvia. Her finn du tips til aktivitetar og metodar for overføring av immateriell kulturarv:

<https://nordplus.kulturosterbotten.fi/>



Takk til Gjensidige,  
som er ein av Bygdekvinnelaget  
sine støttespelarar!

## BYGDEKVINNELAGS-AKTIVITETAR LANDET RUNDT



Etter ein heil dag med takkebakst og opplæring på arrangementet *Midt i matfatet* er det lov å legge seg ned på litt 😊 Her ligg bakstedamene frå Hedmark Bygdekvinnelag strødd utover. Foto: Hedmark Bygdekvinnelag.

Vi nyttar høvet til å skryte den fine standen til Hedmark Bygdekvinnelag. Bygdekvinnene stod utanfor og bakte, mens dei besøkande vart invitert inn, og let seg inspirere av dei inkluderande og dyktige bygdekvinnene.

**VÅR DAG** i Frivillighetens år: Tema for dagen var «Saman for berekraftig matkunnskap» og over 100 lag over heile landet markerte dagen.



Bilda over er frå Akkarfjord Bygdekvinnelag si markering. Dei laga mat av ein heil sau og inviterte bygdefolket på fårikålmiddag. Foto: Akkarfjord Bygdekvinnelag



[Sjekk ut alle dei fine filmene som vart laga i samband med VÅR DAG!](#)



**VÅR DAG:** Stord Bygdekvinnelag laga syltetøy saman med kvinner frå Stord mottakssenter. Foto: Astrid Larsen



Brandbu Bygdekvinnelag stod på stand med egne brosjyrer om berekraft og matsikkerhet. Foto: Brandbu Bygdekvinnelag



Dovre Bygdekvinnelag serverte tradisjonsmat og hadde mannekengoppvisning med fjøslede frå gammalt av og fram til i dag. Foto: Dovre Bygdekvinnelag



I 2022 tok Norges Bygdekvinnelag del i det nordiske samarbeidsprosjektet **Safeguarding through intangible cultural heritage through learning**.

På bildet til venstre ser vi Ingunn Talgø og Jorun Henriksen som prøver seg på strikking i Latvia 😊 På bildet til høyre lagar Kristina frå Latvia tjukklefse saman med Oddbjørg frå Gossen. Utveksling av kunnskap er viktig for å ta vare på kulturarven. Vi har mykje til felles, og mykje å lære av kvarandre.



På Bjørnsund i Møre og Romsdal drog vi garn og teiner på ein av årets finaste dagar.



Få inspirasjon – sjekk ut nettsida frå prosjektet:  
<https://nordplus.kulturosterbotten.fi/>



Prosjektet **berekraftig matkunnskap** har engasjert lokallag over heile landet, og mange born har vore heldige å få delta. På bildet over ser vi Flesberg Bygdekvinnelag som tek opp poteter saman med borna. Foto: Flesberg Bygdekvinnelag



Frå prosjektet **berekraftig matkunnskap**: Nissedal Bygdekvinnelag var saman med borna som deltok i prosjektet på gardsbesøk. Foto: Nissedal Bygdekvinnelag



Frå prosjektet Berekraftig matkunnskap: Brandbu Bygdekvinne­lag lagar Æstlompe saman med ungene. Foto: Brandbu Bygdekvinne­lag



Bjerkreim Bygdekvinne­lag er eit av laga i Rogaland som har delteke prosjektet **Bygdekvinner deler matgleder**. Bjerkreim hadde blant anna kurs bakst i steinomn. Foto: Bjerkreim Bygdekvinne­lag

🎵 [Sjekk ut Rogaland Bygdekvinne­lag sin fine og matnyttige rapport frå prosjektet som ligg på Rogaland Bygdekvinne­lag sine nettsider!](#)



[www.bygdekvinnelaget.no](http://www.bygdekvinnelaget.no)

På nettsida til Norges Bygdekvinnelag finst alt av relevant stoff til bruk i lokallaget:

Vervebrosjyre

Korleis starte nytt lag

Kurs i organisasjonsarbeid

Korleis gjennomføre kurs i tradisjonsmat

Om Guatemala – tips til tema og aktivitetar

Ville vekstar – materiell og tips til aktivitetar

Og mykje, mykje meir!